



Sunnfjord  
kommune

# Tiltaka i kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen

Oversikt over alle tiltaka som blir lagt ut på høyring



# Innhold


<b>Innleiing</b> .....	<b>4</b>
<b>1 Bakgrunn</b> .....	<b>4</b>
1.1 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen.....	5
1.2 Tenesteanalyse – nivå for innsparing og omstilling .....	6
1.3 Prinsipp for vurdering av struktur i Sunnfjordbarnehagen .....	6
<b>2 Tiltak 1: Ressursmodell</b> .....	<b>7</b>
2.1 Kva handlar tiltaket om .....	7
2.2 Innhaldet i tiltaket.....	7
2.3 Konklusjon av tiltaket.....	7
<b>3 Tiltak 2: Kontinuerleg barnehageopptak</b> .....	<b>7</b>
3.1 Kva handlar tiltaket om .....	7
3.2 Innhaldet i tiltaket.....	8
3.3 Konklusjonen av tiltaket.....	8
<b>4 Tiltak 3: Legge ned Tusenfryd barnehage</b> .....	<b>8</b>
4.1 Kva handlar tiltaket om .....	8
4.2 Innhaldet i tiltaket.....	9
4.3 Konklusjon i tiltaket.....	9
<b>5 Tiltak 4: Legge ned fleire barnehagar i Førde sentrum</b> .....	<b>9</b>
5.1 Kva handlar tiltaket om .....	9
5.2 Innhaldet i tiltaket.....	10
5.3 Konklusjon i tiltaket.....	10
<b>6 Tiltak 5: utvide eksisterande barnehagar for å auke kapasiteten</b> .....	<b>11</b>
6.1 Kva handlar tiltaket om .....	11
6.2 Innhaldet i tiltaket.....	11
6.3 Konklusjon i tiltaket.....	11
<b>7 Tiltak 6: Barnehage på Flatene – bruke Flatene skule som barnehagebygg</b> .....	<b>12</b>
7.1 Kva handlar tiltaket om .....	12
7.2 Innhaldet i tiltaket.....	12
7.3 Konklusjon i tiltaket.....	13
<b>8 Tiltak 7: Ny barnehage på Slåtten</b> .....	<b>13</b>
8.1 Kva handlar tiltaket om .....	13
8.2 Innhaldet i tiltaket.....	13
8.3 Konklusjon i tiltaket.....	14
<b>9 Tiltak 8: Lege ned inntil to barnehagar i Førde sentrum hausten 2025</b> .....	<b>14</b>
9.1 Kva handlar tiltaket om .....	14

9.2	Innhaldet i tiltaket.....	14
9.3	Konklusjon i tiltaket.....	15
<b>10</b>	<b>Tiltak 9: Legge ned Holsen barnehage .....</b>	<b>15</b>
10.1	Kva handlar tiltaket om .....	15
10.2	Innhaldet i tiltaket.....	15
10.3	Konklusjon i tiltaket.....	16

## Innleiing

Dokumentet gir ei overordna oversikt over tiltaka som blir lagt ut på høyring for å vurdere korleis barnehagesektoren kan klare innsparings- og omstillingskrav i sektoren.

Det er vedteke i tenesteanalysen – nivå på innsparing og omstilling at barnehagesektoren samla skal ha ei innsparing og omstilling på 62,8 millionar kroner innan 2032.



Kommunen står framfor krevjande val der målet er å sikre eit berekraftig og kvalitativt godt barnehagetilbod for framtida. Vi vurderer både kapasitet, kvalitet og økonomiske forhold i sektoren, med dei demografiske endringane som syner ein nedgang i barnetalet fram mot 2050. Tiltaka som blir presentert er vurdert ut frå korleis dei kan påverke økonomien, barnehagetilbodet, det sosiale miljøet og tilsette.

Det blir lagt opp til brei medverknad i saka der alle som ønsker det har mogelegheit til å kome med innspel. Det blir gjennomført høyring i perioden 01.12.2024-20.01.2025 og folkemøte. Målet er at vurderingane skal vere grundige og opne, slik at Sunnfjord kommune kan ta avgjerder basert på både fagleg grunnlag og innspel til tiltaka.

## 1 Bakgrunn

Det er gjort fleire politiske vedtak som ligg til grunn for tiltaka som blir lagt ut på høyring før endeleg vedtak i kommunestyret.


## 1.1 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen

### I sak 081/24 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen – kunnskapsgrunnlaget

gjorde kommunestyret følgende vedtak: «Kunnskapsgrunnlaget vert tatt til vitande. Kommunedirektøren bil beden om å komme tilbake med ei sak som syner potensielle tiltak, både når det gjeld driftsmessige forhold, ressursfordeling og struktur, som kan vere aktuelle å setje i verk for å møte framtidig innsparing og omstilling. Det skal utarbeidast ei konsekvensvurdering av økonomi og kvalitet, knytt til desse tiltaka. Tiltaka skal vere forankra i kunnskapsgrunnlaget.

Kommunedirektøren kjem tilbake i november med ein planprosess som syner kva tiltak som skal greiast ut og konsekvensvurderast».

Kunnskapsgrunnlaget i kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagane gir ein analyse av barnehagesektoren i Sunnfjord kommune. Dokumentet skildrar dagens situasjon med omsyn til økonomi, kapasitet og kvalitet og utfordringar knytt til demografi der framskrivingane syner ein nedgang i barnetal og ei auke i tal eldre.



19.11.2024 er det i Norkart sin befolkningsanalyse folkeregistrert 1 212 barn i aldersgruppa 1-5 år i Sunnfjord kommune. I 2023 i SSB sine tal var det folkeregistrert 1 263 barn i same aldersgruppe. Fram til 2050 syner framskrivingane at det blir 76 færre barn i aldersgruppa samanlikna med tal henta frå Norkart.

Det blei lagt til rette for brei medverknad i arbeidet med å utvikle kunnskapsgrunnlaget der både tilsette og foreldrerepresentantar blei høyrde gjennom møter og open innspelsrunde.

## 1.2 Tenesteanalyse – nivå for innsparing og omstilling

I sak 020/24 Tenesteanalyse – nivå på innsparing og omstilling i kommunestyret blei det vedteke ei samla innsparing innanfor ei ramme på 121 millionar kroner og omstilling innanfor ei ramme på 84 millionar kroner i perioden 2024-2032.

Sunnfjordbarnehagen skal samla legge fram tiltak for innsparing og omstilling på 62,8 millionar kroner. Tiltaka for å nå innsparings- og omstillingskravet som blir lagt fram vil påverke barnehagesektoren.

Det er to moglegheiter for å nå innsparings- og omstillingskravet i barnehagesektoren, eller ein kombinasjon av alternativa:

- Oppretthalde dagens struktur og redusere drifta, som i hovudsak betyr å redusere årsverk i sektoren.
- Sjå på strukturtiltak for å redusere tal barnehagar for å få ei meir effektiv drift og harmonisere drifta basert på framskriving av barnetalet.

For å nå 62,8 millionar kroner må barnehagesektoren redusere drifta med 89,7 årsverk med ei gjennomsnittsløn på 700 000 kroner inkludert sosiale utgifter. Det kan føre til at Sunnfjord kommune ikkje klarar å oppfylle lovkrava til bemanning og pedagogtettleik og ressursar til barn som har bruk for spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging.

Det andre alternativet er å sjå på strukturtiltak ved å redusere tal barnehagar. Det er per i dag overkapasitet i barnehagesektoren. Framskivingane syner at det i framtida blir færre barn som har bruk for barnehageplass. Å redusere tal barnehagar kan gje kommunen ei meir effektiv drift der vi nyttar kapasiteten i barnehagane.

Tiltaka som er lagt fram er ein kombinasjon av både tiltak i drifta og strukturtiltak.

## 1.3 Prinsipp for vurdering av struktur i Sunnfjordbarnehagen

I sak 197/24 Prinsipp for vurdering av strukturtiltak i Sunnfjordbarnehagen har formannskapet gjort følgande vedtak:

«Prinsipp for vurdering av struktur i barnehage skal vere:

- Ressursmodell
- Vurdere nivå for kontinuerleg opptak
- Vurdering av oppvekststun
- Fokus på kapasitet i Førde sentrum
- Fagleg kvalitet og sosiale tilhøve må bli vurdert særskilt ved alle strukturtiltaka.
- I samband med vurdering av struktur skal kommunen drøfte forholdet til dei private barnehagane og ha god dialog med dei.

Kommunen held fram arbeidet med tiltak i barnehage- og skulesektor som blir lagt ut på høyring».

## 2 Tiltak 1: Ressursmodell

### 2.1 Kva handlar tiltaket om

Sunnfjord kommune skal utarbeide ein ressursmodell som skal vere eit arbeidsverktøy for kommunalsjef å finne rett driftsnivå i kommunale barnehagar. Det skal vere eit verktøy for å styre samla kostnadar og fordele midlane mellom barnehagane.

Ressursmodellen skal omhandle både teneste 201 barnehage og teneste 211 styrking av grunnressursen og skal sikre at kommunale barnehagar stettar lovkrava til bemanning og pedagogtettleik.

Oppstart i tiltaket er november 2024 og skal avsluttast februar 2025.

### 2.2 Innhaldet i tiltaket

Ressursmodellen skal vere klar til bruk for barnehageåret 2025/2026.

Det er på noverande tidspunkt utfordrande å seie kva som er forventa økonomisk effekt av tiltaket, sidan modellen ikkje er klar. Modellen skal sikre at kommunen følger lovkrava til bemanning og pedagogtettleik.

### 2.3 Konklusjon av tiltaket

Med innsparings- og omstillingskravet i barnehagesektoren er det ikkje rom til å bemanne barnehagane meir enn minimumskravet i barnehagelova til bemanning og pedagogtettleik.

Modellen skal hjelpe oss til å få rett bemanningsnivå innanfor handlingsrommet til kommunen.

## 3 Tiltak 2: Kontinuerleg barnehageopptak

### 3.1 Kva handlar tiltaket om

Sunnfjord kommune har sidan 2021 praktisert kontinuerleg barnehageopptak, i praksis betyr det at alle som søker om barnehageplass blir vurdert og tildelt plass gjennom året.

Kontinuerleg barnehageopptak skil ikkje på kven som har rett til barnehageplass etter barnehagelova § 16. Rett til plass i barnehage.

Majoriteten av dei som søker barnehageplass har ikkje rett til barnehageplass etter lovverket.

Kontinuerleg barnehageopptak er kostbart og kommunen må fullfinansiere barnehageplassane til barn utan lovfesta rett til barnehageplass då dei barna ikkje er inkludert i rammefinansieringa i statsbudsjettet.

## 3.2 Innhaldet i tiltaket

Kontinuerleg barnehageopptak har ein kostnad mellom 2-5 millionar i private barnehagar frå 2020-2024 og i kommunale barnehagar har det ein kostnad på 1,6 millionar kroner i 2022 og 1,1 millionar kroner i 2023.

Den forventa økonomiske effekten av å slutte med kontinuerleg barnehageopptak har i økonomiplanperioden frå 2025-2028 ein effekt mellom 3-4,5 millionar kroner.

### Konsekvensar av tiltaket:

- Barnefamiljar som ønsker barnehageplass gjennom barnehageåret får ikkje tilbod før nytt barnehageopptak.
- Barnegruppa får etablere seg som gruppe utan at det startar nye barn gjennom året.
- Det blir ikkje tilvenning gjennom barnehageåret som kan skape uro og at barnegruppa må etablere seg på nytt.
- Tilsette kan starte arbeidet med å etablere barnegruppa frå hausten.
- Småbarnsfamiljar som ønsker å flytte til Sunnfjord kommune i eit barnehageår risikerer at dei ikkje har barnehageplass når dei busett seg.
- Barn som ikkje har lovfesta rett til å starte i barnehagen får ikkje barnehageplass før dei har lovfesta rett til barnehageplass

## 3.3 Konklusjonen av tiltaket

Administrasjonen foreslår å avvikle kontinuerleg barnehageopptak og berre gjennomføre hovudopptak.

Tiltaket reduserer årlege driftskostnadar til tilskot til private barnehagar og tilsetting i kommunale barnehagar for å støtte lovkravet til bemanning og pedagogtettleik.

Dersom ordninga ikkje blir avvikla er det behov for å auke ramma til barnehagesektoren for å dekke kostnadane til kontinuerleg barnehageopptak.

# 4 Tiltak 3: Legge ned Tusenfryd barnehage

## 4.1 Kva handlar tiltaket om

Tiltaket handlar om å legge ned Tusenfryd barnehage frå hausten 2025 utan å bygge ny barnehage eller å utvida andre eksisterande barnehagar.



Tusenfryd barnehage har ikkje vore godkjent etter forskrift om miljørettet helsevern for barnehager og skoler m.v. sidan 2018 og har sidan 2022 hatt avvik etter forskrift om brannførebygging. Barnehagen har hatt dispensasjon frå forskrift om miljørettet helsevern for barnehager og skoler m.v.

## 4.2 Innhaldet i tiltaket

I tiltaket er det sett på desse faktorane for å vurdere om det tilstrekkeleg plass i andre barnehagar til å legge ned Tusenfryd barnehage:

- Avstand til andre barnehagar i Førde sentrum
- Demografiutviklinga
- Kapasitet i både kommunale og private barnehagar for 2024/2025
- Kapasitet i både kommunale og private barnehagar for 2025/2026, der 2019-kullet som startar på skulen er tatt bort
- Om det er kapasitet i Førde sentrum til å legge ned Tusenfryd barnehage i eksisterande barnehagar
- Bemanning og pedagogtettleik i kommunale barnehagar i Førde sentrum
- Konsekvensar
  - Økonomisk effekt
  - Sal av tomt til Tusenfryd barnehage
  - Konsekvensar for barna, tilsette, lokalsamfunnet og andre konsekvensar
- Effekt- og konsekvensmatrise
- Konklusjon

## 4.3 Konklusjon i tiltaket

Administrasjonen foreslår å legge ned Tusenfryd barnehage frå hausten 2025.

Basert på talgrunnlaget som ligg i tiltaket både i forhold til disponible arealplassar, disponible heiltidsplassar og behov for bemanning og pedagogtettleik er det mogeleg å legge ned Tusenfryd barnehage utan at det er behov for å investere i ny barnehage eller å utvide eksisterande barnehagar. Det vil vere tilstrekkeleg kapasitet i eksisterande barnehagar.

# 5 Tiltak 4: Legge ned fleire barnehagar i Førde sentrum

## 5.1 Kva handlar tiltaket om

I tiltaket er det sett på å legge ned inntil 5 barnehagar i Førde sentrum frå hausten 2026:

- Tusenfryd barnehage
- Hatlehaugen barnehage
- Vieåsen barnehage
- Solsida barnehage avdeling Haugum
- Slåttebakkane barnehage

Det er sett på to ulike senario, i senario 1 er Tusenfryd barnehage inkludert og i senario 2 har administrasjonen lagt til grunn at Tusenfryd barnehage blir lagt ned i tiltak 3.

Utfallet av tiltak 3 kan påvirke utfallet i tiltak 4. Dersom Tusenfryd barnehage blir lagt ned i tiltak 3 er det 4 barnehagar som blir vurdert.

## 5.2 Innhaldet i tiltaket

I tiltaket er det sett på desse faktorane for å vurdere om det tilstrekkeleg plass i andre barnehagar til å legge ned inntil 5 barnehagar:

- Avstand til andre barnehagar i Førde sentrum
- Demografiutviklinga
- Kapasitet i både kommunale og private barnehagar for 2024/2025
- Kapasitet i både kommunale og private barnehagar for 2026/2027
- Kapasitet i Førde sentrum til å legge ned fleire barnehagar
- Bemanning og pedagogtettleik i kommunale barnehagar i Førde sentrum
- To ulike senario:
  - Senario 1: Tusenfryd barnehage er inkludert
    - Behov for bemanning og pedagogtettleik i senario 1
    - Oppsummering av senario 1
  - Senario 2: Tusenfryd barnehage er trekt ut som eit alternativ
    - Behov for bemanning og pedagogtettleik i senario 2
    - Oppsummering av senario 2
- Konsekvensar
  - Økonomisk effekt
    - Senario 1: Legge ned inntil 5 barnehagar
    - Senario 2: Legge ned inntil 4 barnehagar
    - Senario 1: Rekneskap 2023 og budsjett 2024
    - Senario 2: Rekneskap 2023 og budsjett 2024
  - Sal av tomtene
  - Konsekvensar for barna, tilsette, lokalsamfunnet og andre konsekvensar
- Effekt- og konsekvensmatrise
- Konklusjon

## 5.3 Konklusjon i tiltaket

Det er mogeleg å legge ned 2 barnehagar i senario 1 og 1 barnehage i senario 2.

I scenario 1 er det forslag om å legge ned Tusenfryd barnehage og Hatlehaugen barnehage. Det er også mogeleg å legge ned Tusenfryd barnehage og Vieåsen barnehage, men det blir mindre buffer i heiltidsplassar samanlikna med eit estimert barnetal på 664 barn i aldersgruppa 1-5 år i Førde sentrum.

I scenario 2 er det forslag om å legge ned Hatlehaugen barnehagen. Det er også mogeleg å legge ned Vieåsen barnehage, men det blir mindre buffer i heiltidsplassar samanlikna med eit estimert barnetal på 664 barn i aldersgruppa 1-5 år i Førde sentrum. I dette scenarioet er det lagt til grunn at Tusenfryd barnehage blir lagt ned i tiltak 3.

## 6 Tiltak 5: utvide eksisterande barnehagar for å auke kapasiteten

### 6.1 Kva handlar tiltaket om

I tiltaket blir det sett på om det er mogeleg å utvide eksisterande barnehagar i Førde sentrum for å auke kapasiteten. Barnehagesektoren har ikkje bruk for å utvide kapasiteten, å utvide eksisterande barnehagar må kompenseras ved at andre barnehagar blir lagt ned.

Det er ikkje stadfesta kor tid tiltaket skal tre i kraft, men det er sett på ei utviding i perioden 2027-2030.

Det som blir vurdert i tiltaket er:

- Potensiale for å utvide barnehagen
- Er det tilstrekkeleg disponibelt areal på tomte til å auke kapasiteten
- Kalkyle til investering av nye avdelingar

Barnehagar som blir vurdert til å utvide er:

- Halbrend barnehage
- Nærleiken barnehage
- Solsida barnehage avdeling Toene
- Sunde barnehage

### 6.2 Innhaldet i tiltaket

I tiltaket er det sett på desse faktorane for å vurdere om mogelegheita for å utvide eksisterande barnehagar:

- Demografiutviklinga
- Kapasitet i både kommunale og private barnehagar for 2024/2025
- Mogelegheit for å utvide med inntil 3 avdelingar
- Behov for investering av å utvide

- Kalkyle for investering til å utvide eksisterande barnehagar med inntil 3 avdelingar
- Konsekvensar for barn, tilsette, lokalsamfunn og andre konsekvensar
- Effekt- og konsekvensmatrise
- Konklusjon

## 6.3 Konklusjon i tiltaket

Vi har per i dag usikre barnetal då dei fleste i perioden 2027-2030 ikkje er født. Ut frå framskrivingane vi har per i dag blir det 30-40 færre barn.

Det at det blir færre barn kan gi ei opning for å legge ned ein større barnehage enn tal avdelingar ein eksisterande barnehage blir utvida med, men det er usikre tal så det er vanskeleg å slå fast kva som er mogeleg.

Det er utfordrande å konkretisere kor mange avdelingar det er føremålstenleg å utvide ein eller fleire barnehagar med på bakgrunn av barnetala.

Halbrend barnehage er den som har mest potensiale til å utvide utan behov for større tomt eller å bygge på ein etasje.

# 7 Tiltak 6: Barnehage på Flatene – bruke Flatene skule som barnehagebygg

## 7.1 Kva handlar tiltaket om

Tiltaket handlar om mogelegheita for å nytte Flatene skule til barnehagebygg. Ein premiss for å gjennomføre tiltaket er at Flatene skule blir lagt ned som skule i kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen.

I tiltaket blir det sett på kor mange avdelingar det er mogeleg å ha i Flatene skule. Barnehagar som blir vurdert å erstattast er i prioritert rekkefølge:

- Tusenfryd barnehage 3 avdelingar 2 med 9/18 og 1 med 12/24
- Hatlehaugen barnehage 3 avdelingar 9/18
- Vieåsen barnehage 4 avdelingar 9/18
- Solsida barnehage avdeling Haugum 3 avdelingar 9/18
- Slåttebakkane barnehage 3 avdelingar 9/18
- Halbrend barnehage 4 avdelingar 9/18
- Ytre Hafstad 9/18 eller 12/24

## 7.2 Innhaldet i tiltaket

I tiltaket er det sett på desse faktorane for å vurdere om mogelegheita for å nytte Flatene skule til barnehage:

- Situasjonsplan Flatene
- Demografiutvikling
- Kapasitet
- Konsekvensar
  - Økonomisk effekt
  - Konsekvensar for barn, tilsette, lokalsamfunn og andre konsekvensar
- Effekt- og konsekvensmatrise
- Konklusjon

## 7.3 Konklusjon i tiltaket

Dersom Flatene skule blir ledig som følge av strukturelle tiltak i kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen kan bygget vere eit alternativ til å drive ein større barnehage med stordriftsfordelar.

Skal Flatene skule bli nytta til barnehage blir den erstatta av fleire eksisterande barnehagar i Førde sentrum.

# 8 Tiltak 7: Ny barnehage på Slåtten

## 8.1 Kva handlar tiltaket om

Tiltaket handlar om å bygge ny barnehage på Slåtten som erstattar andre barnehagar i Førde sentrum. I tiltaket blir det sett på å bygge både:

- 4 avdelings barnehage 9/18 og 12/24
- 6 avdelings barnehage 9/18 og 12/24

Barnehagane som blir vurdert erstatta med ny barnehage er i prioritert rekkefølge:

- Tusenfryd barnehage
- Hatlehaugen barnehage
- Vieåsen barnehage
- Solsida barnehage avdeling Haugum
- Slåttebakkane barnehage

## 8.2 Innhaldet i tiltaket

I tiltaket er det sett på desse faktorane for å vurdere om mogelegheita for å ny barnehage på Slåtten:

- Demografiutvikling
- Kapasitet i både kommunale og private barnehagar for 2024/2025
- Kapasitet i ny barnehage med 4 eller 6 avdelingar

- Kombinasjon av barnehagar som kan bli erstatta med ny barnehage på Slåtten
- Renovering av eksisterande barnehagar
- Konsekvensar
  - Økonomisk effekt
  - Drift av ny barnehage
  - Sal av tomter
  - Kalkyle til investering av barnehage på Slåtten
  - Konsekvensar for barn, tilsette, lokalsamfunn og andre konsekvensar
- Effekt- og konsekvensmatrise
- Konklusjon

### 8.3 Konklusjon i tiltaket

Skal vi bygge ny barnehage på Slåtten er det for å erstatte fleire eksisterande barnehagar i Førde sentrum.

Ut frå framskrivingane blir det færre barn som har bruk for eit barnehagetilbod.

Å bygge ny barnehage kan erstatte eldre barnehagar, alternativet til å bygge ny barnehage er å renovere med utviding til eksisterande barnehagar. Ei renovering må sikre at det er tilstrekkeleg oppgradering og utviding for å stette dagens behov for å få ein funksjonell barnehage for barn og tilsette.

## 9 Tiltak 8: Lege ned inntil to barnehagar i Førde sentrum hausten 2025

### 9.1 Kva handlar tiltaket om

Tiltaket handlar om det er tilstrekkeleg kapasitet til å legge ned 2 barnehagar i Førde sentrum frå hausten 2025.

Barnehagar som blir vurdert i tiltaket er i prioritert rekkefølge:

- Tusenfryd barnehage
- Hatlehaugen barnehage
- Vieåsen barnehage
- Solsida barnehage avdeling Haugum
- Slåttebakkane barnehage

### 9.2 Innhaldet i tiltaket

I tiltaket er det sett på desse faktorane for å vurdere om det tilstrekkeleg kapasitet til å legge ned 2 barnehagar:

- Avstand til andre barnehagar i Førde sentrum
- Demografiutviklinga
- Kapasitet i både kommunale og private barnehagar for 2024/2025
- Kapasitet i både kommunale og private barnehagar for 2025/2026
- Kapasitet i Førde sentrum til å legge ned 2 barnehagar
- Bemanning og pedagogtettleik i kommunale barnehagar i Førde sentrum
- Behov for bemanning og pedagogtettleik i dei 4 ulike alternativa
- Oppsummering av tiltaket og dei ulike alternativa
- Konsekvensar
  - Økonomisk effekt
    - Rekneskap 2023 og budsjett 2024 i dei ulike alternativa
  - Sal av tomtene
  - Konsekvensar for barna, tilsette, lokalsamfunnet og andre konsekvensar
- Effekt- og konsekvensmatrise
- Konklusjon

## 9.3 Konklusjon i tiltaket

Ut frå tal heiltidsplassar som er disponible er det mogeleg å legge ned 2 barnehagar frå hausten 2025.

Alle alternativa som er skissert er mogeleg å gjennomføre, det er noko meir buffer i alternativ 1, 3 og 4 enn i alternativ 2. Barnetalet er estimert og usikre, då vil alternativ 1, 3 og 4 gi best margin i forhold til det usikre barnetalet.

# 10 Tiltak 9: Legge ned Holsen barnehage

## 10.1 Kva handlar tiltaket om

Tiltaket handlar om å legge ned Holsen barnehage frå hausten 2026. Det er i tiltaket sett på to ulike senario:

- Legge ned 1 avdeling frå hausten 2025
- Legge ned Holsen barnehage frå hausten 2026

Bakgrunnen for å ikkje legge ned Holsen barnehage før hausten 2026 er at dette tiltaket bør sjåast i samanheng med tiltak i kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen. Utfallet i strukturtiltak i Sunnfjordskulen kan få påverknad på kva barnehagar foreldre ønsker at barna skal gå i dersom Holsen blir lagt ned.

## 10.2 Innhaldet i tiltaket

I tiltaket er det sett på desse faktorane for å vurdere om Holsen barnehage skal redusere med 1 avdeling i 2025 eller bli lagt ned frå hausten 2026:

- Avstand frå Grøneng i Haukedalen til barnehagar i Sunnfjord kommune
- Avstand frå Holsen barnehage til andre barnehagar i Sunnfjord kommune
- Demografiutvikling
- Kapasitet i både kommunale og private barnehagar for 2024/2025
- Kapasitet i både kommunale og private barnehagar for 2025/2026
- Kapasitet for barnehageåret 2026/2027
- Kapasitet til å legge ned Holsen barnehage frå 2026
- Bemanning og pedagogtettleik i kommunale barnehagar i Førde sentrum
- Legge ned 1 avdeling i Holsen barnehage hausten 2025
- Legge ned Holsen barnehage hausten 2026
- Konsekvensar
  - Økonomisk effekt
  - Rekneskap 2023 og budsjett 2024 for Holsen barnehage
  - Konsekvensar for barn, tilsette, lokalsamfunn og andre konsekvensar
- Effekt- og konsekvensmatrise
- Konklusjon

### 10.3 Konklusjon i tiltaket

Det er mogeleg å legge ned 1 avdeling i Holsen barnehage frå hausten 2025. Konsekvensane er små då det er kapasitet i eine avdelinga til å gje alle vi kjenner til i dag eit barnehagetilbod på Holsen.

Å legge ned Holsen barnehage frå 2026 er mogeleg. Med barnetalet vi kjenner i dag vil det vere tilstrekkeleg kapasitet i Førde sentrum og skulekrinsane Vassenden og Viksdalen til å gje alle eit barnehagetilbod. Konsekvensen for lokalsamfunnet er større dersom barnehagen blir lagt ned.